

Saksbehandlar: Ina Therese Sørfonden, Fylkesrådmannen  
 Sak nr.: 16/3884-45

## **Infrastrukturmidlar reiseliv 2016 - klage frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad på avslag på søknad om midlar frå INU - FSF**

### **Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:**

Klagen frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad vert ikkje teken til følgje.

#### Vedlegg:

- Søknad frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad
- Klage frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad

#### Andre dokument som ikkje ligg ved:

- Fylkesdirektøren si saksframstilling til møte med programstyre 13.09.16
- Brev med orientering om vedtak om avslag frå fylkesdirektøren for næring og kultur dagsett 27.09.16
- Saksutgreiing frå fylkesdirektøren for næring og kultur til hovudutvalet si sak 93/16
- Reiselivsplan for Sogn og Fjordane 2010 – 2025
- Utlysingsteksten INU-FSF-midlar 2016:  
[https://regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning\\_Id=1042&Cookie=0](https://regionalforvaltning.no/Startside/Velkommen.aspx?Ordning_Id=1042&Cookie=0)
- Handlingsplan for INU-midlar 2016-2021: <https://www.nho.no/siteassets/regioner-filer-og-bilder/sogn-og-fjordane/filer/inu-fsf/handlingsplan-2016---2021-2018.pdf>

---

## **SAKSFRAMSTILLING**

---

### **1. Bakgrunn for saka**

INU-FSF er forkorting for «Den interkommunale næringsretta utviklingsordninga som kompenserer for auka arbeidsgjevaravgift i kommunane Førde, Sogndal og Flora ». Midlane vert tildelte av Kommunal og moderniseringsdepartementet (KMD) over statsbudsjettet kapittel 551, post 61 (kompensasjonsordninga). Av desse midlane vert ein del sett av til reiselivssatsinga og i 2016 var dette 1 250 000 kr. Ein del av desse midlane vert lyst ut til infrastrukturiltak knytt til reiselivet. INU-midlane skal bidra til etablering og utvikling av lokale og regionale næringsmiljø og innovasjonssystem som gir betre vilkår for auke verdiskaping. Målet er å stimulere til utvikling, nyskaping og auka kompetanse/næringsverksemd, med hovudfokus i dei tre nemnde kommunane.

For 2016 vart det lyst ut 950 000 kr. Det kom inn 12 søknadar med ein samla søknadssum på om lag 3,2 mill. kr.

Søknadane vart vurderte av fylkesdirektøren i samarbeid med programstyret for infrastruktur og endeleg handsama av fylkesdirektøren med heimel i administrativt vedtak. Til saman har fire av søknadane fått tilskot.

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad søkte 28.08.16 om 155 000 kr i tilskot frå INU-FSF til prosjektet Prosjektutvikling i Selje. Føremålet med prosjektet er å halde fram arbeidet med infrastruktur- og tilretteleggingstiltak for etablering av fleire opplevingspakkar til pilegrims- og turistmarknaden. Søknaden ligg ved saksframstillinga.

Fylkesdirektøren gjorde i samråd med programstyre for infrastruktur den 13.09.16 vedtak om å avslå søknaden.

Fylkesdirektøren orienterte i brev 27.09.16 Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad om avslaget.

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad klaga på vedtaket i brev dagsett 23.10.16. Klagen ligg ved.

Hovudutvalet for næring og kultur handsama klagen (underinstans) i møte 22.11.16, sak 93/16. Hovudutvalet gjorde slikt vedtak: «*Klaga frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad over fylkesdirektør for næring og kultur sitt vedtak vert ikkje teken til følgje. Saka vert oversend klagenemnda.*»

Fylkesutvalet som klagenemnd tek endeleg avgjerd i saka.

I framlegget til statsbudsjett står det at ordninga med INU-midlar skal avviklast frå og med 2017.

## **2. Klagaren har gjort gjeldande**

Klagaren klagar på to punkt i grunngjevinga for avslaget. Punkta omhandlar mangelfull sluttrapport og rekneskap for forprosjekt Bedriftsnettverk i Selje og Stad til Innovasjon Norge, og at stiftinga stod utan dagleg leiar på tidspunktet for vedtak. Klagar syner til at det er tilsett ny dagleg leiar i tidsrommet mellom vedtaket var fatta og søkjar vart orientert om vedtaket. Klagar syner til at arbeidsutvalet var ansvarleg for drifta i tida utan dagleg leiar. Klagar stiller seg uforståande til kvifor fylkesdirektøren legg til grunn at det kan bli utfordrande å starte opp nye prosjekt per dags dato. Når det gjeld rapportering på forprosjektet beklagar klagar at denne er mangelfull og viser til at den vert sendt inn på nytt snarleg, trass utsett frist til februar.

Klagar viser til at dersom stiftinga går vidare med bedriftsnettverk til eit hovudprosjekt, vil den knyte til seg ekstern kompetanse.

Klagar viser avslutning til at det vil vere uheldig å måtte avslutte pågåande prosjekt, då prosjektet Produktutvikling i Selje er eit pågåande prosjekt.

## **3. Vurderingar og konsekvensar**

### Søknad

Stiftinga søkjer om mildar til å halde fram arbeidet med infrastruktur- og tilretteleggingstiltak for etablering av fleire opplevingspakkar til pilegrims- og turistmarknaden også i 2017. I søknaden opplyste søkjar at dåverande dagleg leiar hadde siste arbeidsdag 1.09.16 og at arbeidsutvalet inntil vidare ville ta ansvar for dagleg drift av stiftinga.

Stiftinga sende inn nye opplysningar 15.09.16 om at dei var i gang med å tilsetje ny dagleg leiar.

Stiftinga fekk i 2015 tilsegn om midlar frå Innovasjon Norge til eit forprosjekt som gjeld bedriftsnettverk. Stiftinga opplyste i søknad at forprosjektet er avslutta og sluttrapport er sendt inn. Vidare opplyste stiftinga at den i tillegg til søknaden om INU-FSF-midlar vil søkje Innovasjon Norge om tilskot til eit hovudprosjekt for å vidareutvikle eit bedriftsnettverk langs kystpilegrimsleden.

For nærare skildring av prosjektet det er søkt støtte til viser eg til søknaden:

#### **«Bakgrunn**

Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad vil i 2017 halde fram arbeidet med infrastruktur- og tilretteleggingstiltak for etablering av fleire opplevingspakkar til pilegrims- og turistmarknaden.

#### **Målgrupper**

Målgrupper er:

1. Turistar til Nordfjord og Vestlandet. Nasjonale og internasjonale
2. Pilegrimar

**Resultat**

Ei vellukka satsing på Selja vil styrka den generelle turist- og trafikkstraumen i Nordfjord og legge betre tilrette for ei satsing i Visit Nordfjord.

Skal ein få dette til må kysten ha eit betre tilrettelagt produkt med høg kvalitet.

Brukereffektene vil vere store, det vil også ringverknader dersom ein lukkast med dette prosjektet.

**Effekter**

Store økonomiske effektar lokalt, og store ringverknader regionalt.

Dersom Nordfjord-regionen skal utvikle seg i tråd med resten av destinasjonane i fylket, må kysten fungere mykje betre og ha betre tilrettelagde produkt med høg kvalitet.

Prosjektet vil ha stor samfunnsøkonomisk nytteverdi lokalt og regionalt.»

Fylkesdirektøren si vurdering

I brev dagsett 27.09.16 fekk klagaren orientering om vedtak av 13.09.16 om avslag på søknad om midlar. Fylkesdirektøren meiner at arbeidet som klagaren gjer på produktutvikling er viktig for å utnytte næringspotensialet både lokalt og regionalt i Selje. Produkta representerer ei viktig og brei del av kulturen for området, og er såleis også ein viktig formidlingsaktør.

Fylkesdirektøren er i samtalar med Innovasjon Noreg informert om at dei har tildelt stiftinga eit tilskot til forprosjekt. Stiftinga har fått utsetjing på sluttrapportering for dette forprosjektet. Dette, saman med at stiftinga står utan dagleg leiar, gjer at fylkesdirektøren meiner det kan bli utfordrande for stiftinga å starte opp nye prosjekt per dags dato. Det er hard konkurranse i årets tildeling av infrastrukturmidlar og søknaden frå stiftinga nådde ikkje opp i år.

I saksframstillinga til klagehandsaminga i hovudutvalet for næring og kultur i møte 22.11.16 peiker fylkesdirektøren på at søknaden syner til produktutvikling og tilrettelegging, men seier lite om kva prosjektet skal gjennomføre av konkrete tiltak. Fylkesdirektøren har gjennom kontakt med søkjarar (e-post) fått meir informasjon om det konkrete arbeidet som skal gjerast.

Fylkesdirektøren vurderer at ny informasjon ikkje gjev grunnlag for å endre tilrådinga om avslag. I fylkesdirektøren si grunngjeving for avslag på av søknaden er også den harde konkurransen i årets tildeling av midlar vektlagt. Midlane vart prioritert til søknader som fylkesdirektøren vurderte som betre på tidspunktet for tildeling. Klagen inneheld ikkje opplysningar som endra fylkesdirektøren sine vurderingar.

Fylkesrådmannen si vurdering

Dei prioriterte satsingsområda i handlingsplanen til INU-FSF for 2016 – 2021 er:

- innovasjon, nyskaping og kunnskapsbaserte næringar
- reiseliv
- infrastruktur/tettstadutvikling
- næringsretta infrastruktur
- kompetanseutvikling
- bedriftsretta tiltak.

Eit vilkår for støtte er at tiltaket må medverke til å nå måla for reiselivssatsinga i Verdiskapingsplanen:

- tiltak som bidreg til auka verdiskaping til reiselivsbedriftene i området
- tiltak som skapar auka trafikk i skulder- og vintersesong
- tiltak som støttar opp under fleire attraksjonar/reiselivsbedrifter
- tiltak som medverkar til auka overrisslingseffekt
- tiltak som stør opp om vandring som aktivitet
- prosjekt med forankring i destinasjonsselskapet i regionen
- vi legg vekt på miljøprofil og berekraft ved tildeling av midlar
- tiltak som har fått støtte tidlegare vert prioritert for tildeling i 2016

Både forprosjekt og hovudprosjekt kan få støtte.

Fylkesrådmannen har ingen merknader til at hovudutvalet for næring og kultur (underinstans) ikkje har teke klagen om avslag på søknad frå Stiftinga Sankta Sunniva Selja og Stad til følgje. INU-FSF-midlane er avgrensa og innkomne søknader må vurderast opp mot kvarandre i konkurransen om midlane. I tillegg vart tilskotet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet redusert frå 2015 til 2016 og ordninga skal avviklast frå 2017. Med 12 innkomne søknadar og ein samla søknadssum på om lag 3,2 mill. kr. vart det i år hard konkurranse om ei tilskotsramme på 950 000 kr.

I utlysningsteksten er det formidla at det måtte skje ei prioritering ved tildeling av årets midlar og at prosjekt som har fått støtte tidlegare vil bli prioritert. Stiftinga fekk INU-midlar i 2015.

På tidspunktet vedtaket om avslag vart fatta, var det uvisse om stiftinga ville ha høve til å starte opp nye prosjekt. I klagen vert det vist til at dette er eit pågåande prosjekt. Fylkesrådmannen oppfattar fylkesdirektøren si vurdering slik at det er uvisse kring kapasiteten i stiftinga med tanke på å gjennomføre prosjektet Produktutvikling i Selje slik prosjektplanen legg opp til. Bakgrunnen er informasjon om situasjonen i stiftinga per tidspunkt. Det er med andre ord ikkje avgjerande om det er eit nytt prosjekt eller vidareføring av pågåande prosjekt. Med denne uvisse til grunn, vart andre prosjekt ut frå deira projektskildring og målsettingar, venta resultat og målgruppe prioritert framføre stiftinga sin søknad. Ikkje alle tiltaka som fekk støtte i 2016 har fått støtte tidlegare, men i desse tilfella er støtta grunngjeve med at dei vil gje særleg stor regional effekt og har god forandring lokalt. Fylkesrådmannen har ikkje merknader til slik prioritering av søknader på bakgrunn av utlysningsteksten for årets midlar og retningsliner for tildeling i Handlingsplan for INU-midlar 2016-2021. På bakgrunn av opplysningar som ligg føre i denne saka vurdert opp mot Handlingsplan for INU-midlar sine retningsliner i punkt 3, har eg ikkje merknader til vurderinga som ligg til grunn for vedtaket om å oppretthalde avslaget.

Eg viser til at finansieringsplanen i søknad ikkje legg opp til finansiering frå andre enn INU-FSF-midlane og eigen finansiering. Fylkesrådmannen går ut frå at klagar vil kunne skaffe seg full-finansiering av prosjektet på 280 000 kr på anna vis, t.d. ved bruk av eigne midlar eller ved støtte frå lag og organisasjonar. Klagar viser i søknad til at dei skal søkje om tilskot frå Innovasjon Norge om hovudprosjekt for å vidareutvikle bedriftsnettver m.a. langs Kystpilegrimsleia.

Dersom fylkesutvalet som klagenemnd tek klagen til følgje – heilt eller delvis - må midlane hentast frå INU-FSF sitt 2016-budsjett, sidan det ikkje er løyvd midlar for 2017. På 2016-budsjettpost til infrastrukturmidlar står det att kr 30 959 i restmidlar. Det er per dags dato beløp til tiltak som enno ikkje er betalt ut for 2016 og det viser seg at nokre prosjekt vert rimelegare enn venta og dermed ikkje får utbetalt så mykje som er løyvd. Det er usikkert kor store beløp det er snakk om.

#### **4. Konklusjon**

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følgje. Det er hard konkurranse om dei såkalla INU-FSF-midlane og det er andre prosjekt som både har større behov for tilskot og som ligg nærmare opp til områda som er prioriterte i INU-FSF sin handlingsplan.